



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 29 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2022 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 25. november 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 150 mill. kroner. Auken har i hovudsak samanheng med høgare utgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117) i år.

Gebyrinntektene for Schengen-visum, jf. kap. 3100 aukar i år etter at mange land har letta på innreiserestriksjonane.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* blir det gjort framlegg om endringar. Dette omfattar mellom anna justeringar i kontingentane for Noregs pliktige bidrag til internasjonale organisasjonar. Det blir og gjort framlegg om å omdisponere midlar til FN's system med nye, uavhengige stadlege koordinatorar for å fremje betre samordning av FN på landnivå. Vidare blir det gjort framlegg om å gje eit mindre tilskot til Verdsbankens fond for pandemiberedskap og respons. Vidare blir flyktningutgiftene i Noreg som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) foreslått redusert med 1 702,9 mill. kroner.

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 103 Regjeringas representasjon

Post 01 Driftsutgifter

Utanriksdepartementet har i 2022 hatt fleire besøk og arrangement enn det var budsjettert for. Fleire arrangement som måtte utsetjast på grunn av pandemien har og gjort at utgiftene blir høgare enn forventa. Dette gjeld mellom anna det nordiske statsministertoppmøtet som fyrst blei planlagt i Arendal, men så utsett og flytta til Oslo, og markeringa av prinsesse Ingrid Alexandra sin myndigalder.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet

Post 01 Driftsutgifter

Den offisielle reiseaktiviteten har vore lågare enn forventa i år. Dette skuldast mellom anna pandemien og at eit kongeleg besøk til Storbritannia vart avlyst grunna dronning Elizabeth sin bortgang. Sjølv om det blir gjennomført tre større offisielle besøk for Kongehuset i haust går det mot eit mindreforbruk på posten.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Dei siste utbetalingane til mottakarlanda for 2022 blei utførte i oktober. Som følgje av svekka norsk krone mot euro er utbetalingane blitt noko høgare enn det som er budsjettert på postane. Noko skuldast også ein marginal auke i utbetalingsbehova frå mottakarlanda som Utanriksdepartementet fekk i september.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med til saman 147 mill. kroner, fordelt med 70 mill. kroner på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* og 77 mill. kroner på post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021*.

Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70, 71, 72 og 73

Utanriksdepartementet rammeoverførte 3 mill. kroner til Justis- og beredskapsdepartementet for 2022 til gjennomføring av øvinga Barents Rescue (saman med Finland, Sverige og Russland). Øvinga vart kansellert som følgje av Russlands åtakskrig i Ukraina, og midlane blir difor foreslått tilbakeførte til Utanriksdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 3100 Utanriksdepartementet

Post 02 Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane

Talet på søknader om Schengen-visum har auka raskare enn det ein såg for seg i Revidert nasjonalbudsjett for 2022. Dei fleste landa har letta betydeleg på innreiserestriksjonane grunna covid-19-pandemien, noko som har gjort det enklare for folk å reise. Endringane medfører auka visuminntekter.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 48,1 mill. kroner.

3 Programområde 03 Internasjonal bistand

Kap. 140 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Ansvar for utvikling og drift av felles tilskotsportal vart flytta frå Norad til Utanriksdepartementet den 1. september 2022. Som følgje av endringa blir det gjort framlegg om at midlar til utvikling og drift av portalen som var løyvde på kap. 141 *Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad)*, post 01 *Driftsutgifter*, blir flytta til kap. 140 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Kap. 140 Utanriksdepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Utanriksdepartementet har hatt lågare utgifter enn forventa til fleire av tiltaka på posten. Dette gjeld mellom anna høgnivåmøta for gjevarlandsgruppa for Palestina (AHLC) og toppmøtet om personar med nedsett funksjonsevne i Oslo i februar 2022, Global Disability Summit. I tillegg har utanriksstasjonane ikkje fått gjennomført alle tiltak som planlagt som følgje av mellom anna reiserestriksjonar. Kostnadane til sekretariatsarbeidet for Havpanelet vart òg lågare enn forventa. I tillegg er det ikkje eit like stort behov for midlar til forskning, og fleire planlagde utgreiingar har ikkje blitt gjennomførte i år. Det er òg lågare utgifter enn forventa til eksterne spesialrevisjonar i samband med misleg økonomisk framferd.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 20,4 mill. kroner.

Kap. 141 Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad)

Post 01 Driftsutgifter

Ansvar for utvikling og drift av felles tilskotsportal vart flytta frå Norad til Utanriksdepartementet den 1. september 2022, jf. omtale under kap. 140, post 01 ovanfor.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Kap. 150 Humanitær bistand

Post 70 Naudhjelp og humanitær bistand, kan overførast

Noreg skal støtte eit prosjekt som skal dokumentere og etterforske krigsbrotsverk som følgje av Russland sin åtakskrig i Ukraina. Det blir gjort framlegg om å flytte 6,25 mill. kroner frå kap. 150 *Humanitær bistand*, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand* til kap. 159 *Regionløyvingar*, post 71 *Europa og Sentral-Asia*. Framlegget om å flytte midlane følgjer av at tiltaket er i tråd med måla for kap. 159, post 71.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 6,25 mill. kroner.

Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

Post 73 FN og globale utfordringar, kan overførast

FN sine medlemsland vedtok i 2018 å skipe eit system med nye, uavhengige stadlege koordinatarar for å fremje betre samordning av FN på landnivå. Noreg var mellom dei fremste pådrivarane for reforma. Vedtaket innebar oppretting av nye stillingar. Det har ikkje vore mogeleg å få medlemslanda i FN til å bli samde om å finansiere desse stillingane over FN sitt regulære budsjett. Frivillige bidrag er difor heilt avgjerande. Det vil vere uheldig for gjennomføringa av reformene om ein no må redusere talet på tilsette.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 4,9 mill. kroner.

Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast

Det er enkelte mindre endringar i kontingentutgiftene for 2022, i hovudsak pga. endra valutakurs. Dette gjeld mellom anna utgifter for FN sine fredsbevarande operasjonar og FN sin miljøorganisasjon (UNEP).

Det er óg eit meirforbruk for Europarådet. Dette skuldast at Russland, som tidlegare var ein av dei største bidragsytarane til Europarådet, no utgår, og at dei andre medlemslanda i Europarådet må dekkja bortfallet av innbetalingar frå Russland.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 5,2 mill. kroner.

Kap. 159 Regionløyvingar

Post 71 Europa og Sentral-Asia, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å flytte 6,25 mill. kroner frå kap. 150 *Humanitær bistand*, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand* til kap. 159 *Regionløyvingar*, post 71 *Europa og Sentral-Asia*, jf. omtale under kap. 150, post 70. Det er i tillegg eit mindreforbruk på posten på 1,5 mill. kroner som skuldast utfordringar med gjennomføring av eit prosjekt i Ukraina i regi av SSB.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 4,75 mill. kroner.

Kap. 160 Helse

Post 70 Helse, kan overførast

Noreg skal gje eit såkorntilskot i 2022 på 50 mill. kroner til Verdsbanken sitt fond for pandemi-beredskap- og respons (World Bank Financial Intermediary Fund for Pandemic Prevention, Preparedness and Response). Framlegget om auke vil bli nytta til delvis dekning av dette tilskotet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner.

Kap. 172 Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette

Post 70 Verdsbanken, kan overførast

Noreg deltek i den femte kapitalaukinga i Den internasjonale bank for rekonstruksjon og utvikling (IBRD) med 47,6 mill. USD i perioden 2020–2023.

I 2022 er det løyvd 98,35 mill. kroner. På grunn av valutasvingningar og justering av fordelinga mellom dei to attverande innbetalingsåra (2022–2023), er behovet no rekna til 109 mill. kroner for 2022.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 10,65 mill. kroner.

Det visast også til romartalsvedtak XII, pkt. 2, og romartalsvedtak III pkt. 4 Fullmakt til overskriding i Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet.

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Det er ikkje behov for heile løyvinga på posten etter at alle utbetalingar for i år er gjennomførte. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner.

Post 73 Gjeldslette, kan overførast

Det blir noko mindre utbetalingar i 2022 enn tidlegare budsjettert. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner.

Kap. 179 Flyktningiltak i Noreg*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Nye overslag frå Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Barne- og familiedepartementet tilseier at flyktningutgiftene i Noreg under desse departementa og som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) blir 1 843 mill. kroner mindre i år enn tidlegare budsjettert. Det blir i denne samanhengen vist til

nærmare omtale i dei respektive departementa sine budsjettproposisjonar.

På den andre sida er det auka utgifter under Helse- og omsorgsdepartementet i år for ekstraordinær sjukehusbehandling av pasientar evakuert frå Ukraina. Dette er rekna til 140 mill. kroner for 2022.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med til saman 1 702,9 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2022 under Utanriksdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2022 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
103		Regjeringas representasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 55 591 000 til kr 57 591 000	2 000 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 10 505 000 til kr 8 505 000	2 000 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert auka med..... frå kr 2 609 612 000 til kr 2 679 612 000	70 000 000
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert auka med..... frå kr 2 198 491 000 til kr 2 275 491 000	77 000 000
118		Utanrikspolitiske satsingar	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttas under post 70, 71, 72 og 73</i> , vert auka med..... frå kr 93 931 000 til kr 96 931 000	3 000 000
140		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 685 596 000 til kr 1 688 196 000	2 600 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 102 183 000 til kr 81 783 000	20 400 000
141		Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad)	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 307 262 000 til kr 304 662 000	2 600 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
150		Humanitær bistand	
	70	Naudhjelp og humanitær bistand, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	6 250 000
		frå 5 388 789 000 til 5 382 539 000	
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid	
	73	FN og globale utfordringar, <i>kan overføres</i> , vert auka med	4 868 000
		frå kr 253 138 000 til kr 258 006 000	
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., <i>kan overføres</i> , vert auka med.....	5 200 000
		frå kr 350 990 000 til kr 356 190 000	
159		Regionløyvingar	
	71	Europa og Sentral Asia, <i>kan overføres</i> , vert auka med	4 750 000
		frå kr 956 634 000 til kr 961 384 000	
160		Helse	
	70	Helse, <i>kan overføres</i> , vert auka med	2 700 000
		frå kr 3 657 297 000 til kr 3 659 997 000	
172		Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette	
	70	Verdsbanken, <i>kan overføres</i> , vert auka med.....	10 650 000
		frå kr 1 074 350 000 til kr 1 085 000 000	
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	819 000
		frå kr 932 100 000 til kr 931 281 000	
	73	Gjeldslette, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	712 000
		frå kr 396 000 000 til kr 395 288 000	
179		Flyktningiltak i Noreg	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med	1 702 917 000
		frå kr 6 392 435 000 til kr 4 689 518 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet	
	02	Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane, vert auka med.....	48 100 000
		frå kr 124 100 000 til kr 172 200 000	

